

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	Tema: Kreativ skriving og samansett tekst <ul style="list-style-type: none"> Uttrykke seg i ulike sjangrar og eksperimentere med sjangrar på kreative måtar
Engelsk	Tema: Language Work
Matematikk	Tema: Sannsyn og repetisjon <ul style="list-style-type: none"> Finna sannsyn ved hjelp av eit valtrel Bruka statistikk i samband med sannsyn
Samfunnsfag	Tema: Folkemord og terrorisme <ul style="list-style-type: none"> Kjenna til fleire kjende folkemord og terrorhandlingar Kunna diskutera og reflektera rundt årsakene til slike hendingar gjennom å presentera eit folkemord eller ei terrorhending
KRLE	Tema: Oppsummering <ul style="list-style-type: none"> Å kunne ta andre sitt perspektiv
Naturfag	Tema: Det levande <ul style="list-style-type: none"> Gjera greie for korleis naturvitskapleg og tradisjonell kunnskap kan medverke til ei berekraftig forvaltning av naturen
Kunst og håndverk	Oppgåve: Artfie Finn portrett og det du treng til Artfieoppgåva. Artfie = samanslåing av orda «art» og «selfie».
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> Repetisjon av tidsbøyningar futurum, perfektum og gerundium på spansk Utforsking og refleksjonar over spansktalande kulturar. Eksamensforebuing
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> Repetisjon av grammatikk Kunna snakke om framtida si Førebuing til munnleg eksamen
Engelsk fordjuping	<ul style="list-style-type: none"> Presentera ein turistattraksjon i Storbritannia Diskutera kva det er som gjer at ein stad er verd å besøka Diskutera kva turisme kan gjera for eit samfunn, og kva masseturisme kan føra til
Arbeidslivsfag	<ul style="list-style-type: none"> Planlegga praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag Produsera og levera varer og tenester etter kvalitetskrav
Kroppsøving	
Musikk	Tema: Klassisk musikk <ul style="list-style-type: none"> Kjenne igjen klassisk musikk frå fire musikkhistoriske epokar: 1. Barokken (1600-1750), 2. Wienerklassisismen (1750-1820), 3. Romantikken (1820-1900), 4. Modernismen (frå 1900).
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> Planlegga dei praktiske øktene Laga god og ernæringsriktig mat Halda god hygiene Jobba med rekneskap og plakatdesign Gjennomføra sal Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøakter
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> Kunna ferdast i naturen på ein trygg og sporlaus måte
Design	<ul style="list-style-type: none"> du skal utarbeida idear og løysingsalternativ og vidareutvikla dei til eigne produkt.

	<ul style="list-style-type: none"> • kunne bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale.
Trafikk	Reflektere over og vise kva det inneber å opptre trygt og ansvarleg i trafikken, og drøfte etiske dilemma i trafikken.

INFORMASJON TIL HEIMEN

Trekk skriftleg eksamen

Onsdag 13. mai er det trekk for skriftleg eksamen. Elevane møter til vanleg tid. Elevane vil få vite kva fag dei skal ha i skriftleg eksamen kl 09:00. Her blir alle i klassane trekt i det same faget. Elevane vil denne dagen få informasjon og ha førebuing med den aktuelle faglæraren same time som dei får vite faget. 18. mai og 19. mai vil vere førebuingdagar. Elevane vil ikkje følgje vanleg timeplan, og kvar klasse vil få ein eigen tilpassa plan for desse dagane.

Datoane for dei ulike eksamenane er følgjande:

Engelsk: 20.mai

Norsk hovudmål: 21.mai

Norsk sidemål: 22.mai

Matematikk: 26.mai

Dagane elevane ikkje har eksamen vil det bli gitt ut heimeoppdrag som blir distribuert på Teams.

Kristi himmelfart og inneklemt dag.

Torsdag 14. mai er Kristi himmelfartsdag og ein fridag. Fredag 15. mai er inneklemd dag og elevane får då også fri.

17. mai

17. mai fell i år på ein søndag i ei langhelg, men me håper likevel å sjå alle elevane i toget!

Tinestafetten

Onsdag 6. mai skal vi arrangere Tinestafetten her på skulen. Det blir gjennomført i 5. og 6.time. Elevane får valet mellom tre ruter som dei kan springe.

Helsing oss på 10.trinn

VURDERINGAR

Veke	Fag, innhald
19	Heildagsprøve i matematikk fredag 08.05
	Fagsamtalar i arbeidslivsfag (matlaging)
20	Naturfagprøve, tysdag 12.05, 2. time

HEIMEARBEID VEKE 19

Norsk	Høyr med faglærer
Engelsk	Gjer deg kjend med godkjende nettsider til skriftleg eksamen. Tilgjengeleg på ON. Besøk sidene, test ut ordbøkene o.l
Matematikk	<p>Tema: Øveprøve i matematikk</p> <p>Heildagsprøve i matematikk på fredag. Du vil bli prøvd ut i alle kompetansemål etter 10 trinn. Bruk målarark aktivt. Kva kan du og kva må du øva meir på? Gjer oppgåver på øveprøvane.</p> <p>Ta bilete av oppgåvene du gjer og lim inn på OneNote, heimearb. veke 19</p>
Samfunnsfag	Gjer deg ferdig med folkemord/terror-oppgåva til den dagen faglærer informerer om. Sjekk evt. OneNote.
KRLE	Høyr med faglærer
Naturfag	<p>Tema: Det levande</p> <p>Les s. 44 til og med 49 i Solaris 10, eller høyr på Aunivers.</p> <p>Svar utfyllande på «Kva las du no?» s. 49</p> <p>Forklar skriftleg omgrepa i tokolonnenotet på OneNote (avbøtande tiltak, forureining, naturforvaltning, næring, ozon, tradisjonell kunnskap)</p> <p>Ekstra: Øv til vurdering på tysdag i temaet DET LEVANDE, kapittel 1 og 2 i Solaris 10 Kva kan du og kva må du øva meir på?</p>
Tysk	Munnleg vurdering på tysdag. Sjå ON - Hjemmearbeid
Engelsk fordjuping	Om du ikkje blei ferdig med å gjera klar mini-presentasjonen din på tysdag, gjer du den ferdig. Du skal presentera i ei mindre gruppe på torsdag.
Musikk	Lytt til klassisk musikk og øv på å kjenne igjen kjenneteikn i musikken som kan knyttast til den musikkhistoriske perioden musikken var komponert i.
Kantine	Produksjon, gruppe 1 sel
Friluftsliv	Info på teams

HEIMEARBEID VEKE 20 – FRI TORSDAG OG FREDAG

Norsk	Høyr med faglærer
Engelsk	Gjer deg kjend med godkjende nettsider til skriftleg eksamen. Tilgjengeleg på ON.
Matematikk	Lag deg ein brukar på https://scratch.mit.edu/join kor du kan øve på programmering. I mappa «Programmering» på ON ligg «Hefte programmering». Les s 1-16 i heftet. Gjer døme 0.3 s 16-17 og opp 0.9, 0.10, 0.11 og 0.12 s 18.
Samfunnsfag	Les artikkelen frå juli 2025 på nrk.no om terrorangrepet 22. juli 2011: 14 år sidan terroren i regjeringskvartalet og på Utøya ramma Noreg – NRK Norge – Oversikt over nyheter fra ulike deler av landet Samtal med føresette om kva dei hugsar og tenkar kring dette.
KRLE	Høyr med faglærer
Naturfag	Tema: Det levande Øv til vurdering på tysdag i temaet DET LEVANDE , kapittel 1 og 2 i Solaris 10 Kva kan du og kva må du øva meir på?
Tysk	Sjå ON
Musikk	Lytt til klassisk musikk og øv på å kjenne igjen kjenneteikn i musikken som kan knyttast til den musikkhistoriske perioden musikken var komponert i.
Kantine	Teori
Friluftsliv	Info på teams